

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	15/68

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Økonomisk rapportering pr desember 2014 - med førebels prognose for 2014

Vedlegg:

Sum status regnsk-bud pr des 14

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Administrasjonen skal kvar månad leggje fram for formannskapet driftsrapport med økonomisk status. Rapport med driftsrapport med rekneskap og prognose per oktober 2014 følgjer vedlagt.

Kommentarar til driftsrapport (førebels) pr desember 2014:

Rapporten viser revidert budsjett for 2014, rekneskap pr desember 2014 (oppdatert pr 12. januar 2014) og prognose for året.

Vi rapporterer så langt netto meirforbruk slik:

- kr 1,0 mill på finansområdet
- Branntenesta kr 300.000,-
- Rosslund skule kr 200.000,-
- Heimetenestene kr 1,0 mill.

På følgjande områder ventar vi netto mindreforbruk:

- Meland Ungdomskule kr 0,8 mill
- Sagstad skule kr 0,7 mill
- Barnevern kr 1,4 mill
- Meland Sjukeheim kr 0,7 mill
- Kultur kr 150.000,- og
- PUK kr 550.000,-

I sum reknar vi så langt med at vi får ei mindreinntekt i forhold til revidert budsjett på kr 1,8 mill, og vi vil dermed kunne avsette kr 13,7 mill til disposisjonsfond i 2014, mot budsjettert kr 11,9 mill.

Det er framleis ein viss usikkerhet knytt til prognosen. Sjølv om tenesteområda så langt ser ut til å kunne gå i balanse, er det likevel generelt tronge driftsrammer.

Skattinngangen nasjonalt er lågare enn estimert i statsbudsjettet. Pr november (tal for desember kjem ca 17. januar) viser tal frå KS ein vekst nasjonalt på 1,9% i skatteinngongen i 2014 samanlikna med 2013. Veksten i Meland kommune for 2014 totalt har vore svak i 2. halvår, og vi ender ut med ein vekst på 0,4% for året 2014 i forhold til 2013. Dette er

betydeleg under revidert budsjett der vi rekna med ein vekst på 3,0%.

Lågare skatteinntekter enn budsjettet vert motsvart av høgare skatteutjammingsmidlar. Om utviklinga nasjonalt i desember 2014 vert som pr november, kan vi vente oss reduserte skatteinntekter og rammetilskot med netto kr 2,0 mill. Dette er kr 300.000,- dårlegare enn estimert i førre rapportering pr oktober 2014.

For utfyllande kommentarar til kvart einskild tenesteområde, sjå vedlegg.

Det vert ikkje lagt fram statusrapport på investeringane no, då status og budsjettendingar på investeringar vart handsama i kommunestyret i desember 2014. Vi har ikkje ny og oppdatert informasjon å komme med etter dette.

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport med prognose pr desember 2014 vert teken til vitande

Formannskapet - 07/2015

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

Budsjettrapport med prognose pr desember 2014 vert teken til vitande.